



MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Thon hotel Bergen Airport
Møtedato	07.05.2014
Kl.	14:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades:

**Arve Mjømen, Per Rune Vereide, Kari Maria Rutle
Fjærestad, Kåre Jarl Langeland, Turid Vassliås
Borgund**

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

**Marianne Vara, SF revisjon IKS,
Øyvind Berge, Deloitte (sak 17/14)**

Sekretariat for møtet:

Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtet vart gjennomført som ope møte.

Møtebøker frå 30.01.14 og 18.03.14 vart godkjende utan merknader.

SAK 17/14 Forvaltningsrevisjon - Samhandling - val av prosjekt

Frå kontrollsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det er ingen tilråding i saka

Handsaming

Kontrollsjefen orienterte om motteken e-post der fylkesrådmannen peikar på innspel frå leiargruppa vedrørande forskjellige prosjekt som revisor har diskutert med leiargruppa . Deloitte orienterte om møta med leiarar i administrasjonen og dei innspel som var mottekne. Deloitte hadde sett opp eit skriv som vart gjennomgått i møtet med alternative prosjekt etter gjennomførde møte med leiargruppa.

Framlegg til vedtak som kom fram i møtet:

Kontrollutvalet har valt ut følgjande tre prosjekt for nærare gjennomgang i forvaltningsrevisjon av samhandling

1. Arbeidet med skulebruksplanen
2. Innkjøp og innføring av e-handel system
3. Bygging av Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Avrøysting:

Kontrollutvalet gjekk samrøystes inn for desse prosjekta

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet har valt ut følgjande tre prosjekt for nærare gjennomgang i forvaltningsrevisjon av samhandling

1. Arbeidet med skulebruksplanen
2. Innkjøp og innføring av e-handel system
3. Bygging av Sogn og Fjordane Kunstmuseum

SAK 18/14 Oppfølgingsliste 3/2014

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 3/2014 vert teken til vitande
-

**SAK 19/14 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet
07.05.14**

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Utkast til årsmelding for kontrollutvalet 2013 – vert ettersendt

Utvalet kom med innspel om nokre tekstmessige endringar som vert tekne inn i årsmelding som vert lagt fram for utvalet til handsaming i neste møte.

2. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar orienterte om at han har invitert fylkesordførar til neste møte i kontrollutvalet for å delta i diskusjon rundt prosessen ved utarbeiding og utsending av pressemeldingar frå kontrollutvalet.

Kontrollsjef orienterte om status på saka «Attestasjonsrapport om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde». Kontrollsjefen vurderer seg som inhabil til utarbeiding av saksframlegg i saka, då han har gjeve innspel i samband med uttalen frå fylkesrådmannen som er vedlagt rapporten. Kontrollutvalet slutta seg til kontrollsjefen si vurdering, og vedtok å forespørje sekretariatet for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune om å utarbeide saksframlegg.

Kontrollsjefen orienterte utvalet etter deltaking i representantskapsmøte i SF revisjon IKS 25.04.14.
